



Referat frå elevrådsmøte X, tysdag 17. mars 2026

Desse møtte:

Elevrådsrepresentant 5A: Aksel

Elevrådsrepresentant 5B: Thea

Elevrådsrepresentant 6A: Olav

Elevrådsrepresentant 6B: Eirik

Elevrådsrepresentant 7A: Aksel

Elevrådsrepresentant 7B: Lukas

Sak 1: Helseveka 2026

Saka vert tatt att i neste møte då nokon klassar ikkje hadde evaluert helseveka i klassane. Til neste elevrådsmøte er det viktig at alle klassane får evaluert «Helseveka 2026». Evalueringa skal gjerast i eit pluss/delta skjema som elevrådsrepresentantane tek med seg, eller har sendt på Teams til Laila.

Sak 2: Garderobane 5-7

Elevrådet er byrja å gå garderobesjekk tre dagar i veka. Det er laga liste over kven som har ansvar:

Ansvar for garderobesjekk

Veke	
11	Aksel og Andrina
12	Selma og Aksel G
13	Olav og Mohammed
15	Lukas og Runa
16	Thea og Jakob H
17	Leif Ludvik og Eirik
18	Aksel og Andrina
19	Selma og Aksel G
20	Olav og Mohammed
21	Lukas og Runa
22	Thea og Jakob H
23	Leif Ludvik og Eirik
24	Aksel og Andrina
25	Selma og Aksel G

✓ Vi brukar smilefjes når vi går garderoberunda.



Aksel meldte i møte at det var mykje bra som møtte han og Andrina då dei hadde ansvar i veke 11.

	Bra	Forbetring
5. klasse	Fleste skåpdører var lukka	-brette mjølkekartongar
6. klasse	Brette mjølkekartongar	-legge alt ein har inni skåpet -lukke skåpdøra
7.klasse	Ryddige golv	-lukke skåpdører -elevar som har avtale om å bruke våt-garderoben må henge opp skoa sine

Framover ynskjer leiinga at 7.klasse skal skylle og brette mjølkekartongane sine ved kjøkkenet i gangen. Det er utfordringar for skulen å få plass til alt av avfall og alle klassar må bidra.

Kvar tredje veke vil elevrådet oppsummere resultatata frå garderoberundane og beste trinn vil få ein diplom og ei økt med aktivitetar som styrker klassemiljøet. Dei vaksne på trinnet kjenner klassane sine og dei veit kva som vil vere best aktivitet.

Sak 3: Saker frå klassane

7.klasse	Ynskjer å få ein volleyball til klassen. Ikkje alle elevar er glad i fotball. 7.klasse meiner at ein volleyball til trinne vil vere med å bidra til større aktivitet i friminutta. Det vart også ytra ynskjer om ny fotball til 7.klasse.
6.klasse	Etter å ha høyrte 7.klasse ynskjer dei også ein volleyball. Elles ingen saker.
5.klasse	Ingen saker frå klassen.

Tilbakemelding frå leiinga:

Skulen har ikkje volleyballar å dele ut til klassane.



Sak 4: saker som kjem til

Aksel løftar opp saka om produkta frå skolelyst.no. Elevrådet har ikkje heilt trua på at dette er måten ein får selt desse produkta på . Dei meiner elevane heller vil bruke pengane dei har fått av foreldra sine til pizzabolle enn kakaomjølke eller juice.

Elevrådet ynskjer framleis at utvalet på skolelyst.no blir utvida.

Beste helsing

Olav
Referent

Lukas
Elevrådsleiar 5-7

Laila
Elevrådskontakt 5-7